



A-STAB AS v/Knut Hjertholm
Midttunhaugen 10
5224 NESTTUN

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/5541 - 15/6607

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
20.03.2015

Løyve til tiltak på gbnr 233/155, 161, 162, 163 Eide Indre - tomteopparbeiding

Administrativt vedtak:

Kommunen gjev løyve til opparbeiding av bustadomter i samsvar med søknad motteken 26.06.2014, komplettert 17.03.2015, jf **plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.**

Plassering av bygningar er berre illustrerande og vil ikke vera bindande for framtidig handsaming av byggesøknader for tomtene.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknader om ansvarsrett som vist under avsnittet "Ansvar og kontroll".

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1) Skråningar skal jordkleast og tilslåast.
 - 2) Bratte skråningar/skjeringar/murar skal sikrast mot fallskadar.
 - 3) Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstades på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
 - 4) Dei ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikke noko arbeid må utførast ut over det som er omfatta av løyvet.
 - 5) Tiltaket skal utførast etter tekniske krav gitt i byggeteknisk forskrift 2010.
 - 6) Plan- og bygningstyresmaktene legg til grunn at ansvarleg søker formidlar aktuelle krav vidare til utførande føretak.
 - 7) Tiltaket skal utførast etter gjeldande reguleringsplan med føresegner.
 - 8) Eigaren av eigedommane og ansvarlege føretak skal innordna seg reguleringsplanen med føresegner.
 - 9) Løyvet er gjeve på vilkår av at gebyr etter pbl § 33-1 er innbetalt.
 - 10) Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av tiltaket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.
- Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om

endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisera attståande arbeid, stadfeste at tiltaket har tilfredsstillende tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Til dette vedtaket er det knytt følgjande særlege vilkår for at det kan skrivast ut bruksløyve/ ferdigattest:

- 1) Nødvendig sikring av skråningar/skjeringar/murar skal dokumenterast
- 2) Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Andre tiltak som kan vere vist på eller skildra i innsendte søknadsmateriell, har kommunen ikkje teke stilling til og er ikkje omfatta av dette løyvet.

Løyve til tiltak er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å bygga i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast.

Søknaden

Søknaden om terrengtilpasning er utarbeidet iht. plan- og bygningsloven § 20-1 og gjelder for følgende tomter:

- Tomt, G./B. nr.233/155:
På denne tomta søkes det om vegetasjonsrydding, avtakning av vegetasjonsdekke og utsprengning av fjell som ligger tett opp mot vei, se vedlegg D-04. På denne tomta søkes der om å sprengre terrenget ned til kote 104, slik at ferdig planert terrenget har samme terrengnivå som den tilknyttede vei.
- Tomt, G./B. nr.233/161:
På denne tomta søkes der om å heve terrengnivået opp mot kote 106, som er samme nivå på tilknyttede vei. Terrenget heves med det overflødige sprengningstein og jord fra G./B. nr.: 233/155 og 233/163.
- Tomt, G./B. nr.233/162:
På denne tomta søkes der om å heve terrengnivået opp mot kote 106, som er samme nivå på tilknyttede vei. Terrenget heves med det overflødige sprengningstein og jord fra G./B. nr.: 233/155 og 233/163.
- Tomt, G./B. nr.233/163:
På denne tomta søkes det om vegetasjonsrydding, avtakning av vegetasjonsdekke og utsprengning av fjell som ligger tett opp mot vei, se vedlegg D-02. På denne tomta søkes der om å sprengre terrenget ned til kote 106, slik at ferdig planert terrenget har samme terrengnivå som den tilknyttede vei. På denne tomta søkes også om utsprenging av grøft spillvann-/vannledning fra komme i vei som tilførsel til tomt G/B nr. 233/164, se vedlegg D-02.

Vurdering:

Kommunen kom til at den opprinnelige søknaden ikke var tilstrekkeleg opplyst, og bad mellom anna om profil, helst med famlegg til plassering av bygninger som illustrasjon. Etter korrespondanse fram og tilbak, telefonsamtale og flere utsettingar av fristar, vart profil av tomtebearbeiding med betre terrengtilpassing og framlegg til plassering av bygninger mottekne den 17.03.2015. Skråning med stigning 3:1 må i praksis reknast som mur.

Plangrunnlag:

Areala som skal opparbeidast ligg innafor reguleringsplan Dyrhovden bustadfelt godkjent 23.09.1999.

Nabovarsling

etter pbl § 21-3 er utført. Ingen merknader registrert på saka

Godkjenning av føretak for ansvarsrett i samsvar med Pbl §§ 22-3, jf 21-4 (3).

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	TK	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
SØK	T1	Ansvarleg søker	A/STAB AS	984548648	S
PRO	T1	Grunnarbeid og landskapsutforming	A/STAB AS	984548648	S
UTF	T1	Grunnarbeid og landskapsutforming	Vestafjells AS	938748624	S

Klagerett.

Vedtaket kan pålagt til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker fra den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket eller på e-post til postmottak@lindas.kommune.no. I klagen skal det gå fram kva som vert pålagt (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikke kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar fra klage første gong blei levert, og det ikke er grunna forsømming fra klagar si side at klageinstansens avgjerd ikke føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

Det vert sendt faktura til tiltakshavar .

Søknadspliktige tiltak (Pbl§20-1)	Gebyr
6.1 Bruk av kartbasis	Kr 500,-
C.5.2s Anlegg	Kr 10.000,-
C.5.32 Godkjenning av ansvarsrett, sentralgodkj. 2 stk	Kr. 2.000,-
SUM	Kr. 12.500,-

Gebyret skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato

og før arbeidet kan settast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal grunngjenvæst.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5541

I kommunen sitt e-innsyn finn du dokumenta i saka:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_sok_tomdefault&

Med helsing

Tor Hegle
avdelingssleiar byggesak

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Vestafjell AS Midttunhaugen 10 5224 NESTTUN

Mottakarar:

A-STAB AS v/Knut Hjertholm Midttunhaugen 10 5224 NESTTUN